**Resultat frå studentevaluering på HIS102, våren 2026**

HIS102 vart evaluert våren 2026 gjennom ei omfattande Skjemaker-undersøking. Opplegget og spørsmåla følgjer for ein stor del det same som i 2021, 2022, 2023 og 2025, med justeringar som har vore naturlege ut frå dei omleggingar som har vore gjort i emnet (overgang til blokkundervisning, endra vurderingsform, osb.). Nedanfor er ein gjennomgang av resultata, med referanse til tidlegare resultat der det er relevant.

**Sjølve evalueringsopplegget**

38 respondentar deltok i undersøkinga i år, 60 (2021), 67 (2022), 31 (2023) og 41 (2025). Variasjonen i deltaking kan forklarast med at undersøkingane har vore gjennomført på ulike tidspunkt, og er påverka av dei endringar som har skjedd i vurderingsformat: Årets undersøking vart publisert 1. juni, med svarfrist 18. juni (medan heimeeksamen gjekk føre seg 8. til 12. juni). Undersøkingane i 2021 og 2022 vart gjennomført etter heimeeksamen, men før den dåverande skuleeksamenen, altså på eit tidspunkt der studentane hadde ein liten «pustepause», men samstundes var fullt aktive HIS102-studentar. 2023-undersøkinga vart distribuert etter at den dåverande semesteroppgåva (over éin månad) var gjennomført, altså på eit tidspunkt då studentane nettopp var ferdige med både undervisning og vurdering. Fjorårets evaluering vart gjennomført om lag som i år; ho var tilgjengeleg ei vekes tid både før og etter heimeeksamen.

Som tidlegare år, er inntrykket at svara er varierte og konsistente, og at studentane har teke evalueringa seriøst. Av dei som svarte i 2026, gjekk om lag 32 % på BA i historie, 45 % på lektorprogrammet, medan 24 % tok enkeltemne/årsstudium (studentar som førte opp anna/veit ikkje på studietilknyting er rekna frå). Samansetjinga av respondentane ligg dermed svært nær det ein fann i 2025, med ein relativt høg del lektorstudentar og ein lågare del studentar på enkeltemne. Om lag 55 % av dei som har svara, er kvinner, noko som inneber ei nokså stabil kjønnsfordeling samanlikna med 2025. Når det gjeld studieløp, har om lag halvparten av respondentane studert i eitt eller to semester, medan resten har studert i tre semester eller meir, noko som også ligg tett opp til fordelinga ein fann året før.

Det er, som tidlegare år, ålment grunn til å tru at studentar som er særleg aktive og fagleg motiverte er overrepresenterte blant dei som svarar på denne typen undersøkinga, men som poengtert nedanfor, inkluderer materialet også ein betydeleg del studentar med låg studieinnsats. I 2026 svarar om lag ein tredel av respondentane at dei har brukt 0–8 timar per veke på studiet, medan om lag ein femtedel har delteke på 0–4 førelesingar. Vidare er det ein relativt stor del studentar som rapporterer at dei har lese ein avgrensa del av pensum. Det er difor ikkje berre haldningane til dei mest engasjerte og dedikerte studentane som er representerte i materialet.

Dei fleste spørsmåla har vore utforma som påstandar der studentane svarar ut frå ein 1–5-skala, der 1 = heilt usamd og 5 = heilt samd (eventuelt svært sjeldan/svært ofte, osb.), noko som inneber at 3 vert eit nøytralt svar. Ved utrekning av gjennomsnitt, har studentar som svarar «veit ikkje» konsekvent blitt rekna frå. Dette er som regel eit fåtal, men for nokre spørsmål ligg delen utan

svar framleis relativt høgt, til dømes i storleiksorden 15–20 prosent på spørsmål som føreset eit visst nivå av systematisk arbeid med emnet for å kunne gi ei kvalifisert vurdering. Eit døme er påstanden «Undervisninga og pensum på HIS102 utfyller kvarandre godt», der ein merkbar del av respondentane vel å ikkje ta stilling.

**Ålmenne vurderingar av HIS102**

Her er svarfordelinga på nokre spørsmåla der vi etterspør ålmenne vurderingar av HIS102, og der 1 = heilt usamd og 5 = heilt samd.

| **Påstand** | **2026** | **2025** | **2023** | **2022** | **2021** |
|---|---|---|---|---|---|
| HIS102 har i sum vore velorganisert, logisk oppbygd og konsistent | **3,82** | 3,93 | 3,93 | 3,67 | 3,89 |
| Informasjonsflyten har vore for dårleg på HIS102 | **1,72** | 1,76 | 1,69 | 1,98 | 1,66 |
| Undervisninga og pensum på HIS102 utfyller kvarandre godt | **3,44** | 3,53 | 3,93 | 3,67 | 3,89 |
| HIS102 har i sum vore intellektuelt utfordrande og utviklande | **3,53** | 3,62 | 4,20 | 4,07 | 4,20 |
| Eg sit att med gode kunnskapar og godt læringsutbyte av HIS102 | **3,62** | 3,79 | 4,13 | 3,86 | 4,07 |

Tala syner at studentane framleis vurderer HIS102 positivt på eit overordna nivå, men at den tilbakegangen som vart observert i 2025 held fram også i 2026. På fleire sentrale indikatorar ser vi ein mindre, men gjennomgåande reduksjon i gjennomsnittsskåren, særleg når det gjeld opplevd fagleg utbyte og samanhengen mellom undervisning og pensum. Samstundes er vurderingane av informasjonsflyt stabile og framleis svært positive. Knapt nokon studentar uttrykkjer misnøye med informasjonen dei får, noko som også speglar seg i at påstanden *«Dei faglege krava og forventningane til meg som student har vore klårt og tydeleg formidla»* i 2026 får ein score på 3,97 – (mot 4,03 i 2025).

**Vurderingar av undervisninga**

Gjennom mange år har det vore slik at det er langt færre studentar som møter til undervisning til HIS102 enn som tek emnet. Slik var det også i 2026; 242 studentar hadde meldt seg opp til emnet (mot 244 i 2025), og 177 var registrert møtt på eksamen (156 fullførte) – men talet på studentar som var til stades i auditoriet under førelesingane oversteig neppe nokon gong 100.

HIS102 har dei seinaste åra hatt 22-25 førelesingar (i 2026 var det 22 førelesingar), og det var før overgangen til blokkundervisning alltid ein god del studentar som ynskte seg endå fleire førelesingar. Denne gruppa er no langt mindre. Påstanden *«Vi burde ha langt fleire førelesingar på HIS102»* scorar berre 2,74 (2025: 2,68; 2023: 1,95), og får i år som i fjor tilslutnad (4 – eller 5/heilt samd) frå berre ein knapp tredel av studentane som har ei meining om påstanden.

Respondentane fordelte seg slik i svaret på kor mange førelesingar dei deltok på våren 2026 (med tala frå 2025 i parentes lengst nede):

| ***På HIS102 har det vore totalt 22 førelesingar. Kor mange av førelesingane vil du tru at du har vore med på?*** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| *0-4 førelesingar* | *5-9 førelesingar* | *10-14 førelesingar* | *15-19 førelesingar* | *20-22 førelesingar* |
| 21 % | 18 % | 16 % | 29 % | 16 % |
| (17 %) | (17 %) | (12 %) | (37 %) | (17 %) |

Blant respondentane våre er det framleis slik at praktiske vanskar knytte til andre plikter på førelesingstidspunktet framstår som den viktigaste forklaringa på fråvær frå undervisninga. Mange studentar kombinerer HIS102 med andre emne eller arbeid, og fleire viser også til samanfallande eksamensperiodar. Samstundes er det ei gruppe som svarar at dei prioriterer å bruke tida til å lese pensum. Som i tidlegare år finn vi òg indikasjonar på at opplevd fagleg kvalitet spelar ei rolle, ved at enkelte studentar vel bort delar av undervisninga.

Studentane meiner framleis at førelesingane jamt over held god fagleg kvalitet, med ein score på **3,61** i 2026, men vi ser at den negative utviklinga som har vore tydeleg over fleire år, held fram. Frå eit nivå på over 4 i perioden 2021–2023 (2021: 4,43; 2022: 4,28; 2023: 4,00), har scoren falle til 3,78 i 2025 og vidare ned i 2026. Eit fleirtal av studentane meiner også framleis at førelesarane jamt over har evna til å engasjere og motivere studentane, men også her er utviklinga negativ over tid: etter ein score på 3,37 i 2025, ligg 2026-talet på om lag **3,18**, mot 3,50 i 2023, 3,67 i 2022 og 3,91 i 2021. Samla sett peikar tala i retning av ein gradvis reduksjon i korleis studentane vurderer undervisningskvalitet og formidlingsevne. Tala seier naturlegvis ikkje noko om kor vidt undervisninga faktisk er blitt dårlegare, og/eller om studentane stiller høgre krav.

**Særskilt om blokkundervisninga og endra vurderingsformat, arbeidskrav**

HIS102 vart undervist i blokk fyrste gongen i 2023, og samstundes vart skuleeksamen avskaffa, og eit nytt system med obligatoriske oppgåver innført. Studentane meldte den gong at dei jamt over var nøgde med omlegginga, og tala er endå tydelegare i 2025. Her er gjennomsnittstala, ut frå skalaen 1 = heilt usamd og 5 = heilt samd.

| **Påstand** | **2026** | **2025** | **2023** |
|---|---|---|---|
| Eg er godt nøgd med at HIS102 vert undervist i blokk | **4,18** | 4,25 | 3,86 |
| Eg skulle ynskje at HIS102 vart undervist som før, spreidd over heile semesteret | **2,00** | 1,92 | 2,45 |
| Blokkundervisning gjer meg meir stressa fordi eg må arbeide meir intensivt med emnet | **2,27** | 2,08 | 2,37 |
| Blokkundervisning gjer meg mindre stressa fordi eg kan konsentrere meg om eitt emne om gangen | **3,84** | 3,90 | 3,81 |
| Eg ville helle ha hatt skuleeksamen enn systemet med tre obligatoriske oppgåver | **1,60** | 1,42 | 1,52 |
| Dei obligatoriske oppgåvene var for enkle | **2,78** | 2,60 | 2,40 |

I evalueringa av HIS102 i 2023 vart det peikt på ei markant endring som kunne ha samanheng med overgangen til blokkundervisning og nytt vurderingsformat: Relativt mange studentar hadde tidlegare år gjeve uttrykk for at dei kjende seg «alt for fri» på HIS102, og følgjeleg hadde vanskar med å arbeide disiplinert, men dette talet vart langt lågare etter overgangen til ny ordning. I 2025 vart det registrert ein viss auke att, og utviklinga held fram i 2026. Påstanden «Fridomen på HIS102 er alt for stor, eg skulle ynskje at instituttet stilte tydelegare arbeidskrav til studentane» har i 2026 ein score på om lag **2,63**, mot **2,43 i 2025** og **2,10 i 2023**. Sjølv om hovudtyngda av studentane framleis ikkje opplever fridomen som eit problem, er det ein aukande minoritet som gjev uttrykk for at dei kunne ønskje seg tydlegare arbeidskrav og tettare oppfølging.

HIS102 har gjennom åra gjort fleire forsøk på å organisere frivillige arbeidsseminar, men interessa for å delta på desse seminar har til sjuande og sist vist seg å vere dårleg. Unntaket er dei digitale fredagsseminara som vart etablert som eit kombinert fagleg–sosialt tiltak under Corona-nedstenginga, og som fungerte godt – eller iallfall tilfredsstillande – i 2021 og 2022, før interessa fordufta att i 2023. I evalueringa den gong vart det konstatert at den labre oppslutnaden var eit teikn på at seminaret ikkje trongst som sosial arena, og at den faglege verdien ikkje vart vurdert som stor nok, sett opp imot andre måtar å bruke tida på.

Som i fjor, synest det klårt at HIS102-studentane jamt over er soloarbeidarar, men tala frå 2026 tyder på at det har skjedd ei viss endring. Samanlikna med 2025 ser vi ein tydeleg auke i oppslutnaden om påstanden *«Eg skulle ynskje at instituttet organiserte obligatoriske arbeidsgrupper for studentane»* (2,94 mot 2,63) og også ein auke i ønsket om tilbakemelding på eigne prestasjonar undervegs (2,71 mot 2,53). Samstundes aukar talet noko på studentar som svarar at dei har hatt ynske om fagleg samarbeid utan å få det til (2,02 mot 1,78), medan kjensla av å vere einsam og overlaten til seg sjølv er stabil eller svakt redusert (1,88 mot 1,92).

Her er gjennomsnittstala frå 2026 og tidlegare år, ut frå skalaen 1 = heilt usamd og 5 = heilt samd:

| **Påstand** | **2026** | **2025** | **2023** | **2022** | **2021** |
|---|---|---|---|---|---|
| Eg skulle ynskje at instituttet organiserte obligatoriske arbeidsgrupper for studentane | **2,94** | 2,63 | 2,44 | 2,60 | 2,51 |
| Eg skulle ynskje at eg fekk tilbakemelding på eigne faglege prestasjonar undervegs | **2,71** | 2,53 | 3,37 | 3,54 | 3,60 |
| Eg har hatt ynske om å få til fagleg samarbeid med medstudentar, men har ikkje fått det til | **2,02** | 1,78 | 2,71 | 2,70 | 2,10 |
| Eg har kjent meg einsam og overlatt til meg sjølv under studiane på HIS102 | **1,88** | 1,92 | 2,03 | 2,50 | 2,65 |

**Arbeidsinnsats og føresetnader for sjølvstendig arbeid.**

Innanfor blokkformatet (15 poeng på eit halvt semester) er HIS102 dimensjonert ut frå tanken om at studentane skal arbeide med emnet på heiltid. Det er like fullt, som i fjor, meir treffande å seie at den gjennomsnittlege studenten på emnet er *halvtidsstudent*. Vi har tidlegare konstatert at

mange studentar avstår frå å delta på undervisninga, og tala frå 2026 stadfestar at arbeidsinnsatsen jamt over ligg klart under det som er føresett. Ein aukande del studentar oppgjev å bruke 0–8 timar per veke på emnet, medan færre ligg i mellomkategorien som tidlegare har dominert. Trenden når det gjeld tidsbruk framstår no tydelegare enn i tidlegare evalueringar, med ei forskyving mot lågare samla innsats. Når det gjeld arbeid med pensum, held den negative utviklinga fram og blir ytterlegare forsterka. I 2026 svarar nær 40 prosent av respondentane at dei har lese mindre enn halvparten av pensum, og det er ein tydeleg auke i delen som har lese under 30 prosent. Samla sett peikar dette i retning av at ein større del av studentane i avgrensa grad nyttar det faglege grunnlaget som emnet er bygd på.

Her er resultata frå kartlegginga, med tal både frå 2026, 2025 og 2023:

| | ***Kor mange timar vil du tru at du i snitt har brukt per veke til studiane på HIS102 sidan undervisninga starta den 20. mars? (inkludert lesing, undervisning, skriving, arbeid med ekstra læringsressursar osb.)*** | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| *Tidsbruk*<br>*År* | *0-8 timar* | *9-19 timar* | *20-28 timar* | *29-39 timar* | *40 timar el. meir* |
| **2026** | **34 %** | **29 %** | **29 %** | **5 %** | **3 %** |
| **2025** | 29 % | 29 % | 37 % | 5 % | 2 % |
| **2023** | 20 % | 43 % | 30 % | 3 % | 3 % |

| | ***Kor stor del av pensum på HIS102 reknar du med å ha lese?*** | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| *Pensummengd*<br>*År* | *Mindre enn 30 %* | *Ca. 30-50 %* | *Ca. 50-70 %* | *Ca. 70-90 %* | *Meir enn 90%* |
| **2026** | **24 %** | **18 %** | **21 %** | **21 %** | **16 %** |
| **2025** | 17 % | 14 % | 24 % | 24 % | 20 % |
| **2023** | 3 % | 6 % | 23 % | 48 % | 19 % |

Desse tala speglar seg i eigenvurderinga, der respondentane i svært ulik grad erklærer seg som godt førebudde til undervisninga, og som nøgde med eigeninnsatsen sin på emnet. Her er gjennomsnittstala frå 2026 og tidlegare år, ut frå skalaen 1 = heilt usamd og 5 = heilt samd:

| **Påstand** | **2026** | **2025** | **2023** | **2022** | **2021** |
|---|---|---|---|---|---|
| Eg har møtt godt førebudd til undervisninga | **2,83** | 2,95 | 3,34 | 3,14 | 2,98 |
| Eg er nøgd med min eigen studieinnsats på HIS102 | **3,12** | 3,28 | 3,76 | 3,21 | 2,94 |

Studentane verdset framleis fleire av pensumbøkene, men vurderingane framstår som noko meir differensierte enn tidlegare. Samanlikna med 2025 er det ein tendens til noko lågare skårar, og fritekstkommentarane tyder på at fleire studentar opplever delar av pensum som tungt og vanskeleg tilgjengeleg, både språkleg og tematisk. Boka *Europeisk politisk historie* deler framleis studentane, der nokre vurderer ho som fagleg solid og relevant, medan andre opplever henne som for omfattande og krevjande. *A History of World Societies* får gjennomgåande gode vurderingar, særleg knytt til struktur og tilgjengelegheit, medan *Grunnbok i Norges historie* jamt

over blir vurdert som solid, men til tider noko tung og detaljrik. Sidan i fjor er utdraga frå metodeboka *Å gripe fortida* fjerna frå HIS102-pensum – denne i tidlegare år blitt møtt med ein god del misnøye som, barert på fritekstkommentarar, har hatt med det å gjere at ho ikkje vart opplevd som relevant på HIS102.

På spørsmål om kva fagleg utbyte studentane har hatt av bøkene (1 = svært lite utbyte, 5 = svært godt utbyte), svara studentane slik i 2026: Grunnbok i Norges historie: **3,68** (2025: 3,83; 2023: 4,03); Europeisk politisk historie: **3,41** (2025: 3,76; 2023: 4,13); A History of World Societies: 4,12 (2025: 4,24; 2023: 4,27).

*Yngve Flo, emneansvarleg for HIS102, V26*

*Oppsummert 26. juni 2026, oppdatert med talmateriale 29. oktober 2026*